



## Prosjektleiari, Huset i Bygda - Møre og Romsdal

Noregs Ungdomslag har fått tilskot frå fylkeskommunen til eit treårig prosjekt i Møre og Romsdal. Målet er å kartlegge og styrke dei organisasjonseigde forsamlingshusa og gjere dei til framtidsretta møteplassar for kultur og bulyst. I samband med dette søker vi ein prosjektleiari i 20 prosent stilling. Prosjektperiode januar 2017 til desember 2019.

### Om prosjektet:

”Huset i bygda”-prosjektet i Møre og Romsdal er eit søsterprosjekt til liknande prosjekt i Sogn og Fjordane og Hordaland. For meir informasjon, sjå [www.husetibygda.no](http://www.husetibygda.no)

### Sentrale arbeidsoppgåver:

- Kartlegge dei organisasjonseigde kulturbygga i fylket i ein nasjonal husdatabase.
- Gjennomføre kommunevise samlingar for huseigarar for auka kompetanse, erfaringsdeling og nettverksbygging.
- Gjennomføre årlege kulturhuskonferansar.
- Søkje ekstern finansiering til delar av prosjektet, og kontakt med/rapportering til tilskotsgevarar.
- Bygge nettverk med sentrale aktørar.

### Om stillinga:

- Noregs Ungdomslag sentralt vil vere arbeidsgjevar, og prosjektleiaren rapporterer til prosjektkoordinator.
- Det har blitt ned ei eiga referansegruppe for prosjektet i Møre og Romsdal, samansett av ungdomslagsrepresentantar frå ulike delar av fylket. Prosjektleiaren vil leie prosjektet i nært samarbeid med referansegruppa.
- Administrasjonsspråket til Noregs Ungdomslag er nynorsk.

### Ideelle kvalifikasjonar:

- Prosjektleiarerfaring
- Engasjement for lokalt kulturliv
- Erfaring frå drift/aktivitet i forsamlingshus
- Gode formidlingsevner, både skriftleg og munnleg
- Minimum treårig høgskuleutdanning eller relevant realkompetanse
- Personlege eigenskapar vil bli tillagt vekt

### Vi tilbyr:

- Fleksibel arbeidstidsordning og løn etter kvalifikasjonar
- Sjølvstendige og utfordrande arbeidsoppgåver
- Reiseverksemd og kvelds/helgearbeid må påreknast

Vi ønskjer kandidatar frå heile fylket velkomne til å søkje stillinga, då arbeidet i hovudsak vil vere knytt til å gjennomføre samlingar i dei ulike kommunane. Resten av prosjektleiarjobben vil kunne utførast frå heimekontor.

Søknad med CV sendast til [inger.johanne@ungdomslag.no](mailto:inger.johanne@ungdomslag.no) seinast søndag 13.november.

For meir informasjon om stillinga, ta kontakt med prosjektkoordinator Inger Johanne Ruset, tlf. 24 14 11 13.